

Nye delikatesser i butikken

23.03.2016



Skal det vera ein lokal burgar?

Kva var det eigentleg president Charles de Gaulle sa om ostane i landet? Jo, noko slikt som at det var eit problem å regjera eit land med 400 ostar. Så mange ostar har lukkelegvis ikkje vi, men utvalet aukar stadig og no er det fleire nye på plass i butikken vår. Ein sort som ekspertar uttalar seg positiv om er Saint Albray.og ein annan Brie de Paris, men den fyrste ligg atskillig framfor den andre, meiner folk som har brei internasjonal erfaring.



Fleire franske ostar er på plass

Men det er også anna nytt i hyllene på Sanden. Vi tenkjer ikkje minst på Uskedalsburgaren som inneholdt hamburgerbrød, baconburgar, og Jarlsbergost som vesentlege ingrediensar. Så har dei også starta produksjon av pastasalat som mellom anna inneholdt makaroni, skinke og grønsakar. Meir kjem sikkert etterkvart. På den andre sida har Hjønnevåg sluttat med den ferske fiskepuddingen og det er synd!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen